

Vellukka HUBB-samling på Tysnes.

03.03.2009



Trombonerekka med Bjørn i midten. Dette biletet vart teke under ei HUBB-samling ved eit tidlegare høve. (Foto: Thor Inge Døssland)

Sist helg var om lag 40 unge korpsmusikarar på samling i Hordaland Ungdoms Brassband på Tysnes. Mellom deltakarane der var uskedelingen Bjørn Naterstad, og han kan rapportera om nok ei god og inspirerande samling i dette kretskorpset.

Bjørn kan fortelja at dei gjennom helga jobba godt med eit nytt og krevjande repertoar. Dette vart framført på ein konsert i Tysneshallen søndag ettermiddag. Publikumsframmøtet var godt, og både korps og publikum var godt fornøgd med det som vart framført.

Tysnes skulekorps gjorde ein flott jobb med den praktiske gjennomføringa, og korpset's "far" og "mor", Ole Johan Aarlie og Kjersti Pisani, gjorde som alltid ein kjempejobb slik at medlemmene hadde det best mogeleg. Unge og svært dugande Jan Egil Jørgensen var dirigent på samlinga, og dermed var ein sikra at det musikalske arbeidet var i dei beste hender.

I tillegg til Bjørn var og lagkammeraten hans i Rosendal skulekorps og Rosendal Musikklag, Vegard Vestbø Skåle, på samlinga.

Bjørn fortel at HUBB har ein travel og interessant månad framfor seg i april. Lørdag 18.april møtest korpset att. Då står konsertspeling under NMF Hordaland sitt kretsting på programmet. Helga deretter, 24.-26.april er det klart for den siste ordinære samlinga for sesongen.

Samlinga er på Kleppestø, men den avsluttande konserten vert då lagt til Bergen, nærmere bestemt Logen. På den konderten vert og Rogaland Ungdomskorps(RUK) og Hordaland Ungdomskorps(HUK) med. Då vert det litt av ei samling av dugande unge korpsmusikarar. Noko å gle seg til både for deltagarar og publikum!

Av Thor Inge Døssland